



Bykle møter hyttefolket i påska!



Kvar påske skipar Bykle kommune til møte med hyttefolket. Også i år.

(Bilete frå eit tidlegare påskemøte).

Dagen er onsdag 1. april, og staden er grendehuset på Hovden. Frå klokka 09-11 skal ulike aktørar i sving for å kome med det siste av relevant nytt, viktige saker knytt opp mot påska - og hyttefolket skal sjølv- sagt også få sjans til å kome med sine innspel og tankar.

Ordførar er ordstyrar

Ordførar Hans Blattmann, som også tar seg av velkomsthelsinga, er ordstyrar. Kommuneoverlege Benedicte Severinsen kjem for å fortelje om påskeberedskaper, og frå Hovden løypekøyning og Hovden Fjellbad kjem Torvald Gautland. Han representerer også den lokale fjellredningsgruppa.

Om NM

Statens vegvesen kjem for å orientere om ulike aktuelle prosjekt, og det kjem representantar for NM på ski. Som avslutning av programmet orienterer ordføraren om både arbeidet med ny sti- og løypeplan og arbeidet med kommuneplanen, før det er hyttefolket sin tur.

Høyr no hiera!



Påske. Bare namnet på høgtida me no går inn i, vekker forventningar og glede. Draumen er ei påske prega av sol frå blå

himmel, fine forhold i fjell og hei, appelsinar i sekken og kakao på termosen. Så veit ein sjølv sagt aldri frå år til år korleis det skal bli— ein må likevel ha lov til å håpe på det ein drøymmer om!

Som ein norsk småby

Påske i Bykle kommune er noko heilt spesielt. Den vesle fjellkommunen øvst i Setesdal blir som ein norsk småby å rekne. Kanskje så mange som opp mot 20.000 menneske skal finne sin plass i hytter, leilegheiter og hus i høgtida. Langt flesteparten av dei har Hovden som mål, men spreidd rundt om i heile kommunen er dei likevel. Det skal ein vere takksam for. Hovden som vinterdestinasjon— og på sikt heilårsdestinasjon, er sjølv sagt viktig for både kommune og næringsliv. Så er folkestraumen likevel ikkje uproblematisk. Så store folkemengder legg sjølv sagt eit press på dei kommunale tenestene, ikkje minst helse-einingane.

Plass til alle

Med så mykje menneske samla øvst i dalen, er det lett å tenke at det skal bli trongt om plassen. Og er du innom ein daglegvarebutikk på Hovden på «feil» tidspunkt, er det nettopp det. Likevel er det først og fremst glede ved flott natur, fridagar og mykje tid til rekreasjon som rår. Poenget er at det er plass til alle—så lenge alle viser omsyn. Så må ein rette ei stor takk til alle dei som ikkje har late fridagar i påska, men passar på oss andre. Dei i kommunen som er på vakt, alle frivillige lag som står klare, og ikkje minst eit næringsliv som gnur på alt dei kan.

Rektig god påske til dykk alle saman!



www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 20. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



AKTIV PÅ DAGTID

Er du heime på dagtid og ønskjer å vere med på ein aktivitet saman med andre?
Alle kan bli med på aktivitetane, uavhengig av fysisk form. Du bestemmer sjølv intensitet og tempo. Målet er at du skal oppleve aktivitetsglede saman med andre!



AKTIV PÅ DAGTID



UKEDAG	AKTIVITET	KLOKKELETT	MØTESTAD
MANDAG			
TYSDAG	Yoga	10:00-11:00	Dansesal, Hovden grendehus
ONSDAG	Turgruppe	11:00-12:00	Hovden grendehus
TORSdag	Trimtreff	11:00-12:00	Trimrom, Bykle samfunnshus
	Sterke saman instruktør: Stine G.	11:00-12:00	Festsal/kinosal, Bykle samfunnshus
FREDAG			

SJÅ ALLE AKTIVITETANE I SPOND, KODE: IFZBR, ELLER SJÅ I FRISKUS AKTIVITETSKALENDER.

Kontakt kultur@bykle.kommune.no eller ring 902 16 856 ved spørsmål.



Opningstider kultur & fritid:

Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 902 16 856
<ul style="list-style-type: none"> Måndag-torsdag 8-21 Fredag 8-16 	<ul style="list-style-type: none"> Måndag 10-16.30 Torsdag 10-16.30
Redusert opningstid 9-16 måndag- onsdag i påskeveka	Meiropent bibliotek alle dagar 7-23
Stengt skjærtorsdag - 2. påskedag	Stengt i påskeveka Meiråpent er tilgjengeleg.

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leie pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbud rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. Trinn.

Sjekk ut bookup.no

Her kan du booke lokaler i Bykle samfunnshus og Hovden grendehus på nett.

Har du spørsmål? Kontakt kultur@bykle.kommune.no

Me er på Spond! Kode: IFZBR

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle frivilligsentral, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.



språkkafé



SPRÅKKAFE HOVDEN/BYKLE BIBLIOTEK

Frivilligsentralen inviterer til språkkafe!

Språkkafé er ein møtestad mellom tilflyttarar og lokalbefolkninga, som gir høve til å treffe nye menneske, ha ulike aktivitetar, få praktisert norsk og engelsk i trygge omgjevnader og bli kjend med folk og staden. Vi treng frivillige som vil skravle – både på norsk og engelsk.

Ta kontakt med Stine Gulowsen
tlf 917 87 411 viss du vil vere med.

Bykle bibliotek: 16. april

Hovden grendehus: 30. april – filmkveld!
Samarbeid med Fjellgardane Filmforening.

Ta kontakt med [kultur@bykle.kommune](mailto:kultur@bykle.kommune.no)
eller tlf 90216856 hvis du har spørsmål!

Fartein Horgar kjem til Hovden torsdag 9. april

Torsdag 9. april kjem Fartein Horgar tilbake til Hovden! Han skal fortelje fra boka "Under Tammarinden", ei bok om folkeeventyr frå Madagaskar.



Torsdag 9. april klokka 18:00 på Pizzabakeren (gamle Bakken kafé)
Fri éntre!

Tømekalender

Restavfall: 1.4

Matavfall: 1.4, 18.4

Papir, glass/metall, plast: 18.4

Tykkås gjenvinningsstasjon har ope:

Tysdagar klokka 11-13 (næringsdrivande)

Torsdagar klokka 12.30-18.30 (private og næringsdrivande)

Fredagar klokka 10-13 (private)

Første laurdag i månaden klokka 09-13 (private)



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle

Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00

E: postmottak@bykle.kommune.no

Påskehelsing frå Bykle-ordføraren

I en tid da mediene daglig rapporterer om krig og de enorme lidelsene som følger, blir det vanskelig å se lyset i tunellen. I Bykle og Norge lever vi i fred, men vi blir påvirket av det som skjer rundt oss på mange ulike måter. Vår datter Kaja, som vokste opp på Hovden jobber for FN i Beirut og opplever de menneskelige lidelsene på nært hold og minner oss hjemme på hvor utrolig heldige vi er som lever i denne delen av verden. Hun rapporterer daglig til oss, føler seg trygg, men føler på en oppgitthet og håpløshet som er forårsaket av eldre menn som ikke kan løse konflikter uten å krige.



Med referanse til det som skjer i verden, blir utfordringer og uenigheter i Bykle små selv om enkeltmennesker har utfordringer som kan være krevende. I Bykle og Norge har vi imidlertid systemer som tar vare på de som sliter, vi har ytringsfrihet, vi har lav arbeidsledighet, gratis helsetjenester, gratis utdanning, ja rekken av støtteordninger og rettigheter er helt unik i svært mange andre land.

Når man har det bra så følger også økte forventningene om enda bedre tilbud eller tjenester, og vi mister fort perspektivene og bakkekontakten. Små utfordringer sett på avstand blir kriser og man leter fort etter om noen har gjort en feil.

Når påskefreden senker seg i Bykle, så oppfordrer jeg alle til å tenke etter og kjenne på hvor bra vi har det både i Bykle og i Norge. Vi er veldig flinke til å finne noen feil eller kritisere, vi burde være mye flinkere til å gi ros, skryte av folk, sette pris på de små ting, og gi av oss selv til andre.

Jeg vil avslutningsvis takke alle som jobber i Bykle kommune for den jobben dere gjør hver dag for å levere best mulig tjenester til både innbyggere og gjester. Dere gjør en strålende jobb!!! Jeg vil også løfte fram næringslivet og spesielt reiselivsbedriftene som er midt oppe i den mest hektiske tiden i året, og som gjør sitt aller beste for å markedsføre kommunen og levere de beste opplevelsene for gjestene. Innsatsen deres er helt avgjørende for at kommunen kan opprettholde alle de gode tilbudene enten de er levert av det offentlige eller private. Reiselivet framsnakker kommunen, det bør vi faktisk gjøre alle sammen.

Hans Petter

Med disse ordene ønsker jeg alle en riktig god påske!

MÅNADENS BOK

Hovden grendehus mandag 20. april

Boksirkelen møtast mandag 20/04 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Her hos de levende" av Levi Henriksen. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek

Bykle folkebibliotek onsdag 22. april

Boksirkelen møtast onsdag 22/04 klokka 18 i biblioteket på Bykle samfunnshus. Me les boka "Rebecca" av Daphne DuMaurier. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med.

Velkomen! Mvh Magnus, Bykle folkebibliotek

Hovden grendehus

1. April
18.00:
Super Mario
Galaxy

20.00:
Affeksjons-
verdi

2. april
18.00:
Super Mario
Galaxy

20.00:
I swear

27. april
18.00:
Krølle Bølle

20.00:
Michael
**Bykle sam-
funnshus**

13. april
17:30 - Super
Mario Galaxy
19:30 – The Drama



Usikker is,

spesielt i regulerte vatn, er alltid ei problemstilling. Ikkje minst når vinter blir vår, som no i påskebel. Hugs på det, og ver forsiktig!




Snart 4000 fylgjer Bykle på Friskus!

Snart har 4000 menneske lasta ned og nyttar appen Friskus for å få med seg nyheitsmeldingar frå Bykle kommune. Appen er gratis å laste ned og bruke.

Med Friskus får ein alle nyheiter som blir lagt ut på heimesida til Bykle kommune som eit PLING inn på mobiltelefonen. Sjølve saka på heimesida er då bare eitt tastetrykk unna. Aktuelle politiske saker ligg også i appen. Når ein lastar Friskus ned må ein bare hugse på å også krysse av for at det er Bykle kommune ein vil fylgje! No er også aktivitetskalenderen i Friskus aktiv for kommune og kulturliv i Bykle!



Bykle kommune
nyttar appen Friskus kommune.
Her får ein informasjon frå sin kommune - rett i lomma.



Folkemusikkstipend

Gjennom eit stipend ynskjer Sparebanken Norge å støtte og stimulere unge folkemusikkarar og -dansarar frå Agder og Telemark fylke, til vidare utvikling og formidling av kunsten sin. Stipendet består av eit diplom og ein pengesum på 50.000 kr og vert delt ut kvart år til ein kandidat frå Agder eller Telemark. På vegne av Sparebanken Norge vert stipendet administrert av Setesdal Spelemannslag og skal delast ut i samband med «Setesdal Folkemusikkfestival». For 2026 blir stipendet delt ut på Landskappleiken på Hovden i tida 24.-28. juni. Søkjarar må vere 18-30 år, aktive utøvarar, bu i Agder/Telemark, og tiltak må innehalde ein konkret plan. **Søknadsfrist 1. mai.** Søknad til: post@setesdalspelemannslag.no eller i posten til Astri Rysstad, Malmvegen 17, 4755 Hovden.

PLAN 2026:

Lørdag 21. februar kl 12: Møte med Open Heart, Hallvard Hasseløy taler, servering av suppe

Lørdag 7. mars kl 13: Barnesamling

Kl 19: Møte på Klippen, team fra Filadelfia Krs.

Søndag 22. mars kl 11: Møte med Betania Åseral, Ingvild Forgard taler

Søndag 19. april kl 11: Møte fra Betania Åseral

Søndag 10. mai kl 11: Møte, Jan Christensen taler

Søndag 14. juni kl 11: Møte for alle! Grilling og aktiviteter. Team fra Filadelfia Krs.

Velkommen!

KLIPPEN BYKLE



Gjennom honorarfondet vil vi gjere folkemusikken i Setesdal kjent og høyr, og stimulere til aktivitet!

HONORAR- FOND TIL FOLKEMUSIKK

Ei ordning for deg som vil ha eit arrangement i kommunane Bykle, Valle, Bygland, Åseral og Evje og Hornnes.

Når du nyttar våre lokale folkemusikarar til arrangement i kommunane Bykle, Valle, Bygland, Åseral og Evje og Hornnes kan du som arrangør få tilskot til å dekke honoraret.

Alle lag, foreiningar, bedrifter og privatpersonar kan søkje om tilskot frå fondet. Døme på tilskipingar: Konferansar, bedriftssamlingar, representasjonsoppdrag, feiringar som opningsfestar, jubileum og «runde dagar».

Meir informasjon og søknadsskjema finn du på kommunane sine heimesider, eller du kan sende ein e-post til post@setesdalspelemannslag.no



Bykle kommune



Valle kommune



Bygland kommune



Åseral kommune



Evje og Hornnes kommune



Setesdal Spelemannslag



Valle Sparebank

- allstøtt med deg

BYKLE & VALLE KUNSTLAG

Til våre medlemmer!

Velkomen til årsmøte i Bykle og Valle kunstlag,
onsdag 15.4. kl 18.00 på Bykle hotell.

Vanlige årsmøtesaker, orientering om **opning av nye Valle kultursenter** og servering av mat.

Kan du tenke deg å sitte i det nye styret?

Ta kontakt! ella@uleberg.no

Påmelding innen **10.april** til Ewald Assmann
(40 62 49 28)

Helsing styret.

Eit djupdykk i folkemusikk- arkivet på Setesdalsmuseet

Setesdalsmuseet og Agder Folkemusikkarkiv inviterer 23. april klokka 18 til eit djupdykk i arkivet, der utvalde klipp gir innblikk i musikkarv, historier og tradisjonar frå Agder. Publikummet får høyre materiale som sjeldan blir vist fram, presentert av fagfolk som deler kunnskap og bakgrunn undervegs. Kvelden legg til rette for gode samtalar om musikkarv og kulturhistorie. Dette er ei unik moglegheit til å oppleve folkemusikken tett på!



Gratis symjing i Bykle



Familiebading kl 16:30-17:45

Vaksenbading kl 18:00-19:00

Badevakt med livredningskurs til stades.
Tilbodet fylgjer skuleruta 2026.



Kosthold for livet

ET FOLKEHELSEPROSJEKT FOR REGION SETESDAL

Kosthold
for livet



Gode matvalg

Bli med og utforsk råvarer, matglede, oppskrifter og sammenhengen mellom kosthold og livskvalitet.

Les mer om prosjektet og bli inspirert på våre nettsider



Bykle Pensjonistlag

har møte tysdag 21.april i Bykle,
kl.13.00 – oppe med Skistoga.

Nina ergoterapeut blir med oss. Ho seier noko om tilrettelegging av bustader og informasjon om tenester når funksjonsnivå endrar seg.

Vi satsar på grilling ute og med bål. Ta med enkel grillmat, varme klede og godt ver!

Styret v/ Bernt E Berntsen

SKAFSÅHEII FJELLKYRKJE BASAR

Skjærtorsdag kl. 1200
Trekking kl. 1500

Kom innom og få deg litt god mat og drikke:

[Rjomegraut](#), [risgraut](#), [pøser](#), [vafflar](#), kake, [kaffi](#) og brus

[Åresal](#)

Mange flotte [gevinstar](#)

Betal med [kontantar](#), vipps eller terminal

Kan [vippse](#) 510358 inntil 1. april

Velkomen!

Arr: [Fjellkyrkjelaaget](#)



LANDS  Hovden
KAPPLEIKEN 24. - 28. juni
2026



Meld deg som frivillig!

Har du lyst til å vere ein del av den eldste festivalen i landet?

Vi treng deg! Frivillige er navet i festivalen! At du tek eit tak er viktig for at deltakarar, dommarar og publikum skal få ei flott oppleving på kappleiken. Ikkje minst ønskjer vi at desse opplever Hovden og Setesdal som ein triveleg og gjestfri stad.

Alle kan hjelpe til med noko!

Vi treng hjelp med både små og store oppgåver. Det kan vere matlaging, servering, rydding, vakthald, rigging av scene, følge utøvarar til og frå scena, hjelpe til med å rigge campingplassar og arenaer, lage aktivitetar for born og unge, og mykje meir.

Meld deg på for å vere med på ein sosial og morosam dugnad, der du får høve til å oppleve Landskappleiken frå innsida!



Kontaktperson for frivillige:

Liv Hilde Holm

tlf: 906 10 215

epost: frivillig2026@landskappleiken.no

www.landskappleiken.no

Bygdekaféen i Bykle

Er open kvar torsdag klokka 12-14. Der kan ein både få seg ein matbit og ei god røe. Stad: vaksenopplæringa ved sida av Bykle rådhus.

Passbilen kjem

til Valle 4.– og 5. mai. Sjå på www.politiet.no for meir informasjon.



DEN NORSKE KYRKJA
Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad



www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Gudstenester

Laurdag 28.3 klokka 15.00

Open kyrkje—Fjellgardane kyrkje 15-17

Sundag 29.3 klokka 15

Open kyrkje—Fjellgardane kyrkje 15-17

Onsdag 1.4 klokka 15

Open kyrkje—Fjellgardane kyrkje 15-19

Onsdag 1.4 klokka 19

Salmar i den stille veke—Fjellgardane kyrkje

Torsdag 2.4 klokka 19

Gudsteneste—Bykle kyrkje

Fredag 3.4 klokka 14

Friluftsgudsteneste—Hovden ved dagparkeringa

Laurdag 4. april klokka 21

Ung kyrkjenatt—Fjellgardane kyrkje—sjå eiga plakat!

Sundag 5.4 klokka 07

Ottesong på Vatnedalsdammen—ved Espen Isak Egeland

Sundag 5.4 klokka 09

Høgtidsgudsteneste—Bykle kyrkje

Onsdag 15.4 klokka 12.30

Andakt Bykleheimen

Sundag 19.4 klokka 11

Gudsteneste, Fjellgardane kyrkje

Onsdag 22.4 klokka 19

Møte med Arne Inge Vålandsmyr, Kyrkjekjeddaren i Bykle

Torsdag 23.4 klokka 19

Møte med Arne Inge Vålandsmyr, Kyrkjekjeddaren i Bykle

Onsdag 29.4 klokka 12.30

Andakt Bykleheimen

Sundag 3.5 klokka 16

Gudsteneste Bykle kyrkje

Torsdag 7.5 klokka 19

Konsert Skjern sognekor—Henrik West, Bykle kyrkje

Open kyrkje i påska

Fjellgardane kyrkje

laurdag 28.mars kl. 15-17

sundag 29.mars kl. 15-17

onsdag 1. april kl. 15-19

laurdag 4.april kl. 21-24

Ung kyrkjenatt

Fjellgardane kyrkje,
Påskeaften kl. 21-24

Eit uformelt pusterom i den stille veke
– andakt v/ Mathilde Berg kl. 21:00

Open kyrkje, bønestasjonar og
musikalske innslag

Alle er velkomne, men vi i inviterer
særskilt unge vaksne denne kvelden.

Velkommen i kyrkja.



Bykle rådhus er stengt for besøk i påska



Bykle rådhus er stengt for besøk i påska, men sentralbordet er ope måndag og tysdag i påskeveka. Det er mogleg å lage avtalar med sakshandsamarar om vitjing.